

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap		

Avgjerd av:	Arkiv: N - 500	Arkivsaknr
Saksh.: Heidi E. Ørjansen	Objekt:	18/475 - 224

Tilleggspunkt til avgrensa høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen til tilsær eit tilleggspunkt til vedtak i FSK019/19 om utlegging av kommuneplanens arealdel til avgrensa høyring.

Endring i kart:

Nytt offentleg formål OPT67 i Belsen, jf. vedlagt kart.

Samandrag:

Kvam herad har utfordringar med bustadsituasjon for rusomsorgen. Allereie no ønskjer kommunen å jobba med eit areal som kan egna seg for fleire einingar med eit potensial for eit betjent bufellesskap.

Arealet ligg som LNF i dag, men blir nytta til opplagsplass. Dette er såleis ikkje verdifull dyrka mark og rådmannen meiner dette er eit egna areal for denne gruppa.

Arealet ligg nærme viktig infrastruktur, det ligg i gangavstand frå sentrum og ligg ikkje i nærleik til område for barn og unge.

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Dok.id	Tittel
630376	KPA_Plankart ekstraformål OPT67

Andre dokument i saka:

Saksopplysningar:

Kvam herad manglar gode areal for bustader tilpassa rusomsorg. Rådmannen meiner at område i Belsen kan vere eit område som kan passa. Det ligg nærme nok sentrum og kjem ikkje i konflikt med barn og unges interesser.

Eigedomane er i privat eige med privat veg fram til område.

Os kommune har laga ein modell med 16 leilegheiter med bemanning for rusomsorg. Dette er eit bufellesskap som fungerer godt i Os.

Dei seier dette om tilbodet: *Tenesta tilbyr bebuarane trygge og gode rammer der ein jobber med å auke buevna, med mål om å kunne bu i sjølvstendig bustad. Ein ønsker å betre livskvaliteten for rusavhengige, med fokus på å redusere fysiske skadar og å betre den psykiske helsa.*

Tilboda er blant anna samtaler, eit varmt måltid, sosialt samvær, trening, utdeling av reint brukarutstyr, utdeling av medisin for pasientar under legemiddelassistert rehabilitering og lågterskel arbeidstilbod.

Dette kan vere ei løysing for Kvam herad, men i ein mindre skala.


Ortofoto:

Flyfoto (2013) som viser aktuelt område og bruk av område.



Kommuneplan kart:

Skissa viser område i tilknytning til næringsområde på Sandvenhagen-Mo.



Vurdering:

Rådmannen ser at det er viktig å få på plass eit godt tilbod til denne gruppa og ønskjer gjennom kommuneplanen å sikre areal til eit slik tilbod.

Det vert gjennomført ei konsekvensanalyse og risiko- og sårbarheitsanalyse på arealet før utlegging til offentlig ettersyn.